

**KONTROLLUTVALET I
SANDØY KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 18. oktober 2012, kl. 14.00
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av Helge Ervik

Elles til stades:
Anne Iversen og Ann Helen Harnes

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:
Dagleg leiar, Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen

Frå Sandøy kommune møtte:
Rådmann Lasse Larsson Fjørtoft

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**SAK 11/12
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 11. MAI 2012**

Det vart opplyst at punkt 2 i sak 08/12 blir utsett til neste møte. I punktet står: *«I neste møte blir tema plan for forvaltningsrevisjon, oppfølging av vedtak, mål, måloppnåing og styringsdokument inn mot dette teke opp til drøfting».*

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 11. mai 2012 blir godkjent.

**SAK 12/12
EIGEDOMSKATT I SANDØY – FASTSETTING AV SKATTEGRUNNLAGET**

Leiar stilte spørsmål ved eigen habilitet og fråtrede møtet. Det vart votert over habilitetsspørsmålet og det vart gjort vedtak om at leiar var habil. Leiar tiltredte møtet.

Innstilling datert 11.10.2012 frå kontrollutvalsekretariatet:

1. Kommunestyret viser til saksdokumenta i kontrollutvalsak 12/12 og stiller seg kritisk til administrasjonen si saksbehandling og forliket i lagmannsretten. Utgangspunktet for dette er premisser som utan synleg saksbehandling vart lagt til grunn for forliket, manglande innhenting av råd frå takstfagleg kompetanse samt uavklara fullmakter.
2. Vidare finn kommunestyret å ville presisere at noverande skattegrunnlag for eigedomsskatt ikkje er tilfredstillande og so langt lova tillet det, blir det gjennomført retaksering.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret viser til saksdokumenta i kontrollutvalsak 12/12 og stiller seg kritisk til administrasjonen si saksbehandling og forliket i lagmannsretten. Utgangspunktet for dette er premisser som utan synleg saksbehandling vart lagt til grunn for forliket, manglande innhenting av råd frå takstfagleg kompetanse samt uavklara fullmakter.
2. Vidare finn kommunestyret å ville presisere at noverande skattegrunnlag for eigedomsskatt ikkje er i samsvar med lova sine krav. Kommunestyret ber om at administrasjonen set i verk nødvendige tiltak.

SAK 13/12

VEDKOMANDE BUDSJETT 2013 – SANDØY KONTROLLUTVAL

Saksdokument datert 11.10.2012 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til kr 30.000 kroner.

Helge Ervik
leiar
(sign.)

Anne Iversen
nestleiar
(sign.)

Ann Helen Harnes
medlem
(sign.)